

## Skulekorpset på kjekk tur.

10.11.2015



Kjekk gjeng på kjekk tur.

Skulekorpset er godt i gong med sesongen. Dei har alt bak seg storseminar i Rosendal, og på søndag ettermiddag vert dei å høyra i Aktivitetshuset som avslutning på øvingsseminar. Dei kan også sjå tilbake på ein kjekk tur til Gol med mange gode opplevingar. Den flotte gjengen har mykje kjekt saman.



Amalie, Ida Marie, Silje og Camilla kosar seg.

Turen til Gol var 16. - 18. oktober. Til turen lånte dei bussen til Rosendal turnlag, og i tillegg var det nokre privatbilar. På denne turen hadde dei ikkje fokus på det musikalske så instrumenta fekk vera att heime. Eit tettepakka og kjekt program hadde dei likevel. På slike turar trur eg ein av dei sikraste vinnarane er bowling. Dei pleier alle å kosa seg med. Slik var det også her.

Strålende hadde dei det og i Tropicana Badeland. Også det var ein fulltreffar, og det stoppa ikkje med det. Som eine biletet viser var det mange som storkosa seg på diskoteket. Det var ei helg med kjekke og koselege opplevingar, og gevinsten er mellom anna at den flotte gjengen er endå meir samansveisa.

Skulekorpsgjengen er også svært stilig når dei dressar seg opp. No har dei fått nye hettegensarar samt nye uniformer.



Det er skjønt å kjøra buss...





Diskoteket slo an!

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Janne G. Hjørnevåg